


PLANFØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN FOR LAMMETUN GBNR. 272/3



DATERT: 17.02.2020

Revidert dato: 09.03.2020

Revidert 2. gong: 12.08.2020

Revidert 3. gong: 08.06.2021

Revidert 4. gong: 23.11.2022

Plan ID: 201701

| | |
|--|---|
| 1. GENERELT | 3 |
| 1.1 Felles føresegner | 3 |
| 1.2 Arealbruk | 3 |
| 1.2.1 Bygg og anlegg | 3 |
| 1.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur | 3 |
| 1.2.3 LNRF Areal for naudsynte tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag | 3 |
| 1.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone | 3 |
| 1.2.5 Omsynssoner | 3 |
| 2 BEBYGGING OG ANLEGG | 3 |
| 2.1 Bustad (B) | 4 |
| 2.1.1 Felles føresegner for B1 og B2 | 4 |
| 2.1.2 Føresegn for B1 | |
| 2.2 Fritidsbustader (BFR) | 4 |
| 2.2.1 Felles føresegner for BFR1 – BFR6 | 4 |
| 2.2.2 BFR1 | 4 |
| 2.2.3 BFR2_1 | 4 |
| 2.2.4 BFR2_2 | 4 |
| 2.2.5 BFR3 | 4 |
| 2.2.6 BFR4 | 4 |
| 2.2.7 BFR5 | 4 |
| 2.2.8 BFR6_1 | 4 |
| 2.2.9 BFR6_2 | 4 |
| 2.2.10 BFR6_3 | 4 |
| 2.2.11 BFR6_4 | 4 |
| 2.2.12 BFR6_5 | 4 |
| 2.3 Campingplass (BC) | 4 |
| 2.3.1 Fellesføresegner for campingplass | 4 |
| 2.3.2 BC1 – Campingplass 1: | 5 |
| 2.3.2.1 Generelle føresegner for BC1 | 5 |
| 2.3.2.2 Elementbygg | 5 |
| 2.3.2.3 Bygg tillat på BC1 | 5 |
| 2.3.3 BC2 – Campingplass 2 | 5 |
| 2.3.3.1 BC2_1 | 5 |
| 2.3.3.2 BC2_2 | 5 |
| 2.4 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BBS) | 6 |
| 2.4.1 Felles føresegner for BBS1 – BBS5 | 6 |
| 2.4.2 BBS2 | 6 |
| 2.4.3 BBS3 | 6 |
| 2.4.4 BBS4 | 6 |
| 2.4.5 BBS5 | 6 |
| 2.5 Leikeplass (BLK) | 6 |
| 2.5.1 BLK | 6 |
| 2.6 Uthus / Naust / Badehus (BUN) | 6 |
| 2.6.1 BUN1 | 6 |
| 2.7 Næring og tenesteyting (BKB) | 7 |
| 2.7.1 BKB1 | 7 |
| 3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR | 7 |

| | |
|---|----|
| 3.1 Køyreveg (SV) | 7 |
| 3.2 Veg – Felles (SVG) | 7 |
| 3.2.1 Felles føresegner for FSV | 7 |
| 3.3 Annan veggrunn (SVG) – grøntareal | 7 |
| 3.3.1 Annan veggrunn – grøntareal (SVG) | 7 |
| 3.4 Kai (SK) | 7 |
| 3.4.1 F_SK | 7 |
| 3.5 Parkering (SPA) | 7 |
| 3.5.1 F_SPA | 7 |
| 3.5.2 F_SPA1 | 7 |
| 3.5.3 F-SPA2 | 8 |
| 3.5.4 SPA2 | 8 |
| 3.6 Elektriske anlegg | 8 |
| 3.6.1 Elektriske anlegg | 8 |
| 4 LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSFORMÅL, SAMT REINDRIFT | 8 |
| 4.1 Friluftsmål | 8 |
| 4.1.1 L1 og L2 | 8 |
| 4.2 LNRF Areal for naudsynte tiltak for landbruket og reindrift, samt gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag | 8 |
| 4.2.1 L3 og L4 | 8 |
| 4.2.2 LNA5 | 8 |
| 5 BRUK OG VERN I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE | 8 |
| 5.1 Småbåthamn | 8 |
| 5.1.1 VS – Småbåthamn | 8 |
| 5.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag | 8 |
| 5.2.1 VJV1 og VJV2 | 8 |
| 6 OMSYNSSONER | 9 |
| 6.1 Sikrings-, støy- og faresoner | 9 |
| 6.1.1 Sikringsone (H140) – Frisikt | 9 |
| 6.1.2 Støysoner (H200) | 9 |
| 6.1.2.1 Støysone H210 | 9 |
| 6.1.2.2 Støysone H220 | 9 |
| 6.1.3 Faresone Ras- og skredfare (H310) | 9 |
| 6.1.4 Høgspenningsanlegg (H370) | 9 |
| 6.1.4.1 H370: Faresone høgspenningsanlegg | 9 |
| 6.2 Sone med særleg omsyn til friluftsliv og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med angivelse av interesse | 9 |
| 6.2.1 Bevaring naturmiljø (H560) | 9 |
| 6.2.1.1 H560_1 | 9 |
| 6.2.1.2 H560_2 | 9 |
| 6.2.2 Bevaring kulturmiljø (H570) | 10 |
| 6.2.2.1 H570 | 10 |
| 7 REKKJEFØLGJEFØRESEGNAR | 10 |
| 7.2 Rekkjefølgjekrav | 10 |

1. GENERELT

1.1 FELLES FØRESEGNER

- a) Disse føresegnene gjeld for området innafor plangrensa på kartet.
- b) Utbygginga av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene for planområdet.
- c) Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk.
- d) Dersom det blir funne noko som kan være automatisk freda kulturminne, må arbeidet med ein gong stogkast, og det må takast kontakt med kulturminnemynde i Vestland fylkeskommune.
- e) Innafor planområdet for areala bebyggelse (B); LNF-område, samt område for samferdsel- og teknisk infrastruktur vil ein kunne bygge ut elektriske anlegg inkl. trafo stasjon. Byggegrense til nett stasjon er 5 meter.

1.2 AREALBRUK

Det regulerte området er vist på plankartet med reguleringsgrenser.

Innanfor det regulerte området er arealet sett av til desse føremåla:

1.2.1 Bygg og anlegg (PBL § 12-5, nr 1) med desse underføremåla:

- Bustad - B (1110)
- Fritidsbustad - BFR (1120)
- Campingplass - BC (1173)
- Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone – BBS (1588)
- Leikeplass – BLK (1610)
- Uthus/Naust/Badehus -BUN (1589)
- Næring og tenesteyting – BKB (1804)

1.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr 2) med desse underføremåla:

- Køyreveg – SV (2010)
- Veg – Felles – SVG (2019)
- Annan veggrunn grøntareal – SVG (2019)
- Kai – SK (2041)
- Parkering – SPA (2080)

1.2.3 LNRF areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gards tilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag (PBL 12-5, nr. 5), med underføremåla:

- LNRF areal for naudsynte tiltak for landbruk og reindrift samt gards tilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag – L (5100)
- Naturformål av LNFR – LNA (5120)

1.2.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (PBL 12-5, nr. 6), med underføremålet:

- Friluftsområde i sjø og vassdrag – VFV (6710)

1.2.5 Omsynssoner (PBL 12-6), med desse underføremåla:

- Frisikt H140
- Støysone H200 (H210 og H220)
- Faresone ras- og skredfare (H310)
- Faresone høgspent H370
- Bevaring naturmiljø H560
- Bevaring kulturmiljø H570

2 BEBYGGING OG ANLEGG (PBL §12-5, NR 1)

2.1 BUSTAD (B)

2.1.1 Felles føresegner for B1 og B2:

- a) Grad av utnytting maks BRA = 400 m. Inkludert garasje som skal ha maks BRA = 50m².
- b) Frittliggende garasje, uthus og liknande kan oppførast inntil 1 meter frå tomtegrensa, dersom sikttilhøva i avkøyrsløp blir ivareteke.
- c) Møne- og gesimshøgde bustadhus:
For bustadhus gjeld maks mønehøgde på 9 meter og maks gesimshøgde på 8 meter.
- d) Møne- og gesimshøgde garasje/uthus:
For garasje/uthus gjeld maks mønehøgde på 6 meter og maks gesimshøgde på 4,5 meter.
- e) Krav til fargeval: Unngå fargar som gir signaleffekt.
- f) Elektriske anlegg: Det kan setjast opp trafo stasjon innafor område.

2.1.2 Føresegn for B1

- a) Eksisterande løe sør i område kan nyttast til utleigeleilegheit og selskapsrom så lenge den står. Dersom den blir reven, skal tomta nyttas til bustadføre mål.

2.2 FRITIDSBUSTADER (BFR)

2.2.1 Felles føresegner for BFR1 – BFR6:

- a) For fritidsbustader gjeld grad av utnytting maks BRA = 130 m².
- b) Mønehøgde fritidsbustad skal ikkje overstige 6 meter over ferdig planert terreng.
- c) Gesimshøgde fritidsbustad skal ikkje overstige 4 meter over ferdig planert terreng.
- d) Mønehøgde for tilhøyrande u-isolert ute bod skal ikkje overstige 3 meter, målt frå ferdig planert terreng.
- e) Fargeval: Unngå fargar som gir signalfargar.
- f) Parkering skal skje på eiga tomt.

2.2.2 BFR1

- a) 8 hyttetomter. Derav 6 eksisterande - frådelte hyttetomter og 2 nye.

2.2.3 BFR2_1

- a) 2 eksisterande hyttetomter.

2.2.4 BFR2_2

- a) 3 eksisterande hyttetomter.

2.2.5 BFR3

- a) 1 eksisterande hyttetomt.

2.2.6 BFR4

- a) 1 eksisterande hyttetomt.

2.2.7 BFR5

- a) 1 eksisterande hyttetomt.

2.2.8 BFR6_1

- a) 2 hyttetomter,

2.2.9 BFR6_2

- a) 3 hyttetomter, derav ei eksisterande utbygd tomt.

2.2.10 BFR6_3

- a) 2 hyttetomter

2.2.11 BFR6_4

- a) 4 hyttetomter

2.2.12 BFR6_5

- a) 1 eksisterande, utbygd hyttetomt.

2.3 CAMPINGPlass (BC)

2.3.1 Fellesføresegner for campingplass:

- a) Der byggegrensa ikkje er synleg i plankartet, er denne samanfallande med formålsgrensa.

- b) Campingplassen skal ha informasjonstavle som syner plassering av sløkkjeutstyr, vasspost og rømmingsvegar.
 - c) Fylling skal lagast på ein slik måte at den jamnast ut med noverande terreng rundt avsett areal til camping.
- 2.3.2 BC1 – Campingplass 1:
- 2.3.2.1 Generelle føresegner for BC1:
- a) Området BC1 er regulert til campingplass.
 - b) Over heile området vil det være lov å setje opp straum søyler og vasskraner for tilkopling for bubil/campingvogner.
- 2.3.2.2 Elementbygg:
- Ved oppsetting av elementbygg («spikartelt») på BC1 gjeld følgande:
- a) Mønehøgd for elementbygg skal ikkje overstige 3,5 meter.
 - b) Gesimshøgd for elementbygg maks 3 meter.
 - c) Elementbygg skal ha maks BYA på 20 m².
 - d) Oppføring av elementbygg/spikartelt er søknadspliktige tiltak.
 - e) Plassering av campingvogn på campingplass som er godkjent eller regulert for føremålet, er ikkje søknadspliktig, sjølv om den skal stå i meir enn to år.
- 2.3.2.3 Bygg tillat på BC1:
- BC1 kan ha bygg som høyrer naturleg inn under campingdrift:
- a) Kiosk
 - b) Matservering
 - c) Grillstove
 - d) Sanitærbygg
 - e) Resepsjon
 - f) Leikeplass
 - g) Administrasjon
 - h) Pub og kafé
 - i) Mønehøgd: Maks 9 meter over planert terreng, det skal være mogleg å bygge i 2 etasjar.
 - j) Gesimshøgd: Maks 6,5 meter over planert terreng, det skal være mogleg å bygge i 2 etasjar.
- 2.3.3 BC2 – Campingplass 2:
- 2.3.3.1 BC2_1
- a) Området BC2_1 regulerast til campingplass.
 - b) Det er ikkje lov å oppføre bygningar innafor området.
 - c) Området skal nyttast til korttidsopphald, dvs. døgnplassar for bubilar og campingvogner.
 - d) Tillat med planering/fylling innafor området for å legge til rette for parkering av bubilar/campingvogner.
 - e) Over heile området vil det være lov å setje opp straum søyler og vasskraner for tilkopling for bubil/campingvogner.
 - f) Tilkomst via dagens eksisterande avkøyrsløp til området.
- 2.3.3.2 BC2_2
- a) Området BC2_2 regulerast til campingplass.
 - b) Området skal nyttast til korttidsopphald, dvs. døgnplassar for bubilar og campingvogner.
 - c) Område skal være ope og ikkje ha faste installasjonar, samtidig skal det vere ei restriktiv haldning til inngrep i form av flyttbare og midlertidige konstruksjonar.
 - d) I område skal alle tiltak ha god tilpassing til omgjevnadane, slik at tiltak ikkje fører til negativ verknad på kulturminne frå 2. verdskrig som område grensar til.

2.4 SMÅBÅTANLEGG I SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (BBS)

2.4.1 Fellesføresegner for BBS2 – BBS5:

- a) Tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine bestemningar skal godkjennast av hamnemynde Flora hamn KF før dei kan utførast/utbyggast.
- b) Det er ikkje tillate med molo eller utfylling i sjø innafor områda.
- c) Det tillatast ikkje tiltak på land utover landfeste for landgang.

2.4.2 BBS2

- a) Kan innehalde 1 flytebrygge med landgang.
- b) Størrelse flytebrygge: Maks 2,5 x 10 meter.
- c) Størrelse landgang: Maks 1,5 x 5 meter.

2.4.3 BBS3

- a) Område inneheld eksisterande kai og flytebryggeanlegg.
- b) Storleik kai med flytebrygge: 5 x 15 meter
- c) Storleik flytebrygge: 2,5 x 6 meter, storleik landgang: 1,5 x 10 meter.

2.4.4 BBS4

- a) Område inneheld eksisterande steinbrygge og flytebryggeanlegg.
- b) Storleik steinbrygge: 2,5 x 10 meter
- c) Storleik flytebrygge: 2,5 x 10 meter, storleik landgang: 1,5 x 10 meter.

2.4.5 BBS5

- a) Område inneheld eksisterande flytebryggeanlegg.
- b) Storleik flytebrygge: 3 x 30 meter. Storleik landgang 2,5 x 20 meter.

2.5 LEIKEPlass (BLK)

2.5.1 BLK

- a) Felles leikeplass for bustadar på B1 og B2
- b) Det er sett av eit 714 m² stort område for leikeplass knytt til bustadane innafor B2.
- c) Terrenget på leikeplassen skal ikkje være brattare enn 1:3.

2.6 UTHUS /NAUST / BADEHUS (BUN)

2.6.1 BUN2

- a) Grad av utnytting: Maks BRA = 40 m².
- b) Mønehøgd: Maks 5 meter.
- c) Gesimshøgd: Maks 3 meter.
- d) Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter.
- e) Altan, balkong, terrasse, utkraging eller andre privatiserande bygningsdelar er ikkje tillat.
- f) Naust skal byggast med maks 1 etasje.
- g) Dagslysflata på vindaugsareal skal ikkje overstige 3% av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).
- h) Nye tiltak skal byggast i samsvar med tryggleiksklasse F1 i teknisk forskrift.

2.7 NÆRING OG TENESTEYTING (BKB)

2.7.1 BKB2

- a) Formål: Lager og overnatting.
- b) Grad av utnytting: Maks BYA = 70%
- c) Mønehøgd: Maks 9 meter.
- d) Gesimshøgd: Maks 8 meter.

3 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL §12-5, NR 2)

3.1 KØYREVEG (SV)

3.1.1 O_SV1

- a) Kommunal veg.

3.2 VEG – FELLES (SV)

3.2.1 Felles føresegner for f_SV:

- a) Vegar skal følgje terrenget i størst mogleg grad slik at unødige terrenginngrep blir unngått.
- b) Minimum vegbreidde: 3,5 meter.
- c) Maks vegbreidde: 4,5 meter.

3.3 ANNAN VEGGRUNN (SVG)

3.3.1 Annan veggrunn – grøntareal, SVG:

- a) Arealet for vegskulder, grøfter, etablering av frisiktlinjer, sikring (autovern/gjerde), handtering av overvatn, hindre erosjon, mur og plastring.
- b) Areal ikkje brukt til teknisk anlegg kan verte nytta til grøntareal.
- c) Legging av VA, EL og tele i vegar og annan veggrunn kan gjerast utan søknad etter PBL, men det må være etter avtale med grunneigar.

3.4 KAI (SK)

3.4.1 f_SK1:

- a) Felles kai for bruk 2 og 3 på gards nr. 272.
- b) Storleik: sjå arealavgrensing i plankart, snitt storleik: 3,5 x 7,5 meter.
- c) På kaia skal det ikkje lagrast noko, lossing og lasting er tillate.
- d) Kaia skal haldast ryddig.
- e) Det vil ikkje være tillate å utvide kaia utover storleiken den har i dag.

3.5 PARKERING (SPA)

3.5.1 Felles føresegner for SPA1, SPA2, SPA2 og SPA3

- a) Parkeringsplassar, SPA, med tilhøyrande avkøyrsel og åtkomst.
- b) Det er tillate å plassere avfallsdunkar for henting på område.

3.5.2 SPA1

- a) Tal parkeringsplassar på SPA1: 22 stk.

3.5.3 SPA2

- a) Tal parkeringsplassar på SPA2: 5 stk.

3.5.4 SPA3

- a) Tal parkeringsplassar på SPA3: 42 stk.

3.5.5 SPA4

- a) Tal parkeringsplassar på SPA4: 10 stk.
- b) Planert mellom kotehøgde 3 og 3,5.

4 LANDBRUKS-, NATUR-, OG FRILUFTSFORMÅL, SAMT REINDRIFT (PBL 12-5, NR 5)

4.1 FRILUFTSFORMÅL

4.1.1 L1 OG L2

- a) Friluftformål av LNFR.
- b) Tilrettelegging av turstiar er tillate.
- c) Etablering og utforming av tursti vil være tillate ved å rydde kratt og skog, samt trakke opp sti manuelt.
- d) Tursti skal ikkje ha utforma ei breidde på over 1 meter.
- e) Det vil ikkje være tillate med maskinell tillaging av tursti.

4.2 LNRF AREAL FOR NØDVENDIGE TILTAK FOR LANDBRUK OG REINDRIFT OG GÅRDSTILKNYTTA NÆRINGSVERKSEMD BASERT PÅ GARDENS RESSURSGRUNNLAG

4.2.1 L3 og L4

- a) Område for LNRF.
- b) Innanfor område vil det kunne setjast opp benkar og bli tilrettelagt med turstiar utover dei som finnast i dag.
- c) Tilrettelegging av turstiar vil være tillate.
- d) Etablering og utforming av tursti vil være tillate ved å rydde kratt og skog, samt trakke opp sti manuelt.
- e) Tursti skal ikkje ha ei utforma breidde på over 1 meter.
- f) Det vil ikkje være tillate med maskinell tillaging av tursti.

4.2.2 LNA5

- a) Innafor område LNA5 vil det ikkje være tillate med tilrettelegging for tursti/turveg.

5 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL §12-5, NR 6)

5.1 SMÅBÅTHAMN

5.1.1 VS - Småbåthamn

- a) Område sett av til småbåthamn.
- b) Tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine bestemmingar skal godkjennast av hamnemynde Flora hamn KF før dei kan utførast/utbyggast.
- c) Det er ikkje tillate med molo eller utfylling i sjø innafor område.
- d) Det tillatast ikkje tiltak på land utover landfeste for landgang.
- e) Område kan innehalde 1 flytebrygge med landgang.
- f) Storleik på flytebrygge innafor VS: Maks 2,5 x 21 meter
- g) Storleik for landgang innafor VS: Maks 1,5 x 10 meter
- h) Det er tillate å legge ut utriggar for å auke kapasiteten på båtplassar.

5.2 FRILUFTSOMRÅDE I SJØ OG VASSDRAG

5.2.1 VFV1 og VJV2

- a) Normal aktivitet i skjergarden er tillat.

6 OMSYNSSONER (PBL §12-6)

6.1 SIKRINGS- STØY- OG FARESONER

6.1.1 Sikringssone - Frisikt H140

- a) Det skal være fri sikt ned til ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei til støytande vegane. Frisikt og augepunkt skal være i hen hald til krav i handbok N100.

6.1.2 Støysoner (H200)

6.1.2.1 Støysone H210

- a) Støysone H210 omfattar raud støysone i samband med den planlagde vindparken på Lutelandet.
- b) I raud sone er det ikkje tillat med be bygging med støyfølsamt bruksformål.

6.1.2.2 Støysone H220

- a) Støysone H220 omfattar gul støysone i samband med den planlagde vindparken på Lutelandet.
- b) I gul støysone kan be bygging med støyfølsamt bruksformål oppførast dersom avbøtande tiltak gjev tilfredsstillande støyforhold.

6.1.3 Faresone Ras- og skredfare (H310)

- a) Område er avsett til faresone for ras- og skredfare.
- b) Innafor faresona er det ikkje tillat med noko form for tiltak.

6.1.4 Faresone høgspenningsanlegg (H370)

- a) Faresone høgspenningsanlegg er energianlegg som det er gjeve anleggskonsesjon til etter energilova.
- b) Ved eventuell omlegging av dagens høgspenninglinje til høgspent i kabelgrøft gjeld omsynssone på 1 meter til kvar side av kabelen, for å sikre tilgang dersom kabelen må gravast opp for feilretting. Det vil ikkje være tillat å bygge over jordkabel.
- c) Plan for kabelgrøft skal føreleggast Vestland fylkeskommune. Det må gjerast for å undersøke forholdet til automatisk freda kulturminne.

6.2 SONE MED SÆRLEGE OMSYN TIL FRILUFTSLIV OG BEVARING AV NATURMILJØ ELLER KULTURMILJØ MED ANGIVELSE AV INTERESSE

6.2.1 Bevaring naturmiljø (H560)

6.2.1.1 H560_1

- a) Omsynssone H560 inneheld blautbotnsområde i sjø i nærleiken av Ramsøyna.
- b) Det vil ikkje være tillate med inngrep som oppmudring, hindring av vassgjennomstrøyinga ved bygging av moloar og fylling av grunnvassområda innanfor omsynssona då det vil endre produktiviteten i område.

6.2.1.2 H560_2

- a) Dersom verdien av område ikkje skal reduserast må gjengroing hindrast, på grunn av sjeldne og kravfulle kulturlandskapsartar som krev gode solforhold og vekstvilkår i form av ope landskap.

6.2.2 Bevaring kulturmiljø (H570)

6.2.2.1 H570

- a) Område inneheld bygningar frå 2. verdskrig – Lammetun kystfort.
- b) Omsynssona omfattar anlegget både over og under bakken og det historiske kulturlandskapet rundt, slik at heilskapen i anlegget vert teke vare på og blir les bart frå dei ulike stadane i sjølve anlegget.
- c) Innafor omsynssona må det ikkje settast i verk tiltak eller bruksendringar som fører til at området endrar karakter. Dette gjeld bygningar, anlegg og utviding av veg eller tal parkeringsplassar, endringar av større vegetasjonselement eller belegg, planering, utfylling og andre landskapsgrep.
- d) Festningsanlegget kan restaurerast og tilbakeførast til opphavelig tilstand og utsjånad, på dokumentert grunnlag.
- e) Det kan gjerast skjøtsel av vegetasjonen. Tre, busker og kratt kan sagast eller klyppas ned for å halde landskapet ope.
- f) Vegen som går gjennom H570 kan haldast ved like og utbetrast ved behov. Det vil ikkje være lov å vinne meir terreng for å halde vegen ved like eller utbetre den.

7 REKKJEFØLGJEFØRESEGNAR

7.1 REKKJEFØLGJEKRAV

- a) Teknisk anlegg:

Det settast krav til at det skal utarbeidast ein VAO-plan (vatn- og avløps- og overvassplan) i samsvar med løysing godkjent av Fjaler kommune i samband med eventuell utbygging av B1, B2 , BFR6_1, BFR6_2, BFR6_3 og BFR6_4.

Denne planen skal godkjennast av kommunen før ei eventuell utbygging kan finne stad.

Det må og gå fram av planen plassering av og tal utsleppspunkt, kor mange einingar som er tilknytt og plassering av fellesanlegg. Dette må og gå fram av tilhøyrande kart.

- b) Dei tekniske anlegga skal vere ferdig stilt før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest til felta B1, B2, BFR6_1, BFR6_2, BFR6_3 og BFR6_4 vert gitt.
- c) BLK1 skal vere opparbeidd før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve for B2.